

1 Personlege opplysningar

Namn, adresse og postnummer/-stad

Fødselsdato

Personnummer

Kundenummer i Lånekassen

2 Forsørgarplikt

Talet på barn

Før opp kor mange barn under 16 år som du forsørger. Dette gjeld både barn du bur saman med, og barn du betaler bidrag for. Oppgi også barn som fyller 16 år i løpet av kalenderåret 2021.

Barnetillegg

Dersom du får barnetillegg for barn over 16 år, oppgi kor mange barn du får tillegg for.

Du må hugse å legge ved dokumentasjon frå Nav, forsikringselskap eller andre som viser kva beløp du får i barnetillegg per måned.

3 Uføregrad

Oppgi uføregrad (prosent)

Legg ved kopi av vedtaksbrevet frå Nav som viser at du har fått innvilga varig uføretrygd frå folketrygda.

Får du varig uføretrygd frå eit anna land, må du sende inn tilsvarande dokumentasjon frå den offentlege trygdeordninga i det landet. Uføregraden må vere oppgitt.

4 Forventa årsinntekt i 2021

Lånekassen kan gjere vedtak om sletting av gjeld først når fastsettinga (likninga) for 2021 er klar. Vi får inntektsopplysningar direkte frå skatteetaten. Om du får sletta gjelda di, er avhengig av person- og kapitalinntekta di i fastsettingsåret (likningsåret) og talet på barn under 16 år som du forsørger, sjå punkt 2. Vi ser bort frå eventuelle barnetillegg du får for barn over 16 år og eventuell barnepensjon som barnet ditt / barna dine får, men som inngår i inntekta di.

Med person- og kapitalinntekt meiner vi inntekta di før skatt. All skattbar inntekt skal takast med. Dette inkluderer

- uførepensjon frå folketrygda
- pensjon frå andre pensjonsordningar
- sjukepengar
- arbeidsinntekt
- andre inntekter, for eksempel renter og forsikringsutbetalingar

Inntekt

Oppgi summen av person- og kapitalinntekt per år.

Kr

5 Trygd og pensjon

Ventar du på svar?

Har du søkt om andre trygde- eller pensjonsytingar og ventar på svar?

 Ja

 Nei

Dersom ja, kva slags yting har du søkt om?

Når ventar du svar?

6 Underskrifta til søkaren

Eg stadfester at eg har lese vilkåra for søknaden på side 2.

Dato og underskrift

Sletting av gjeld for ufør låntakar

Dersom du blir **minst 50 prosent ufør** og får **varig uføretrygd** frå folketrygda, kan Lånekassen slette heile eller delar av gjelda di.

Du kan også har rett til å få sletta gjeld dersom du får varig uføretrygd frå folketrygda og er minst 40 prosent varig ufør. Du må i så fall ha sett fram krav om uføretrygd på eit tidspunkt då du fekk arbeidsavklaringspengar.

Har du fått innvilga arbeidsavklaringspengar, har du ikkje rett til å få sletta gjeld, men du kan søke om sletting av renter og betalingsutsetjing. Du kan søke om sletting av renter og betalingsutsetjing på [Dine sider på www.lanekassen.no](#). Du kan også bruke søknadsskjema I, som du kan skrive ut frå [www.lanekassen.no/skjema-nn](#).

På [www.lanekassen.no/ufor-nn](#) finn du meir informasjon om sletting av gjeld for uføre. Vilkåra for sletting av gjeld for låntakarar som er uføre finn du i kapittel 13 i [forskrifta om tilbakebetaling på www.lanekassen.no/forskrifter](#).

Det er den skattepliktige inntekta di per år som avgjer om du kan få sletta gjelda heilt eller delvis. Ein søknad om sletting av gjeld blir vurdert etter forskrifta som gjeld det året søknaden er mottatt og behandlingssklar. Det betyr at ein søknad som er mottatt i 2021, blir vurdert ut frå inntektsgrensa som gjeld for 2021, sjølv om vedtaket om varig uførleik er gjort i eit tidlegare år.

Er den årlege inntekta di **337 791 kroner eller lågare** i 2021, kan heile gjelda di bli sletta. Er inntekta di **høgare enn 337 791 kroner**, men ikkje høgare enn **487 065 kroner**, viser tabellen nedanfor kor stor del av utdanningsgjelda di som vil stå igjen etter ei delvis sletting av gjeld. Tabellen viser også kor store terminbeløpa blir per månad.

Person- og kapitalinntekt per år*	Ny gjeld	Nytt terminbeløp per månad
kr 337 791 eller lågare	kr 0	
kr 337 792–374 998	kr 68 268	kr 729
kr 374 999–411 042	kr 79 614	kr 875
kr 411 043–449 079	kr 91 125	kr 1 031
kr 449 080–487 065	kr 102 471	kr 1 175

* Inntektsgrensa blir auka med 15 903 kroner per år for kvart barn under 16 år som du forsørger.

Dersom du får ny utdanningsstøtte før det har gått ti år etter at du fekk sletta gjelda, blir vedtaket om sletting av gjeld oppheva.

Kva skjer med rekningane?

Vi gjer merksam på at sjølv om du har søkt om sletting av gjeld, så fører ikkje dette automatisk til at du slepp å betale. Når vi har fått søknaden din og sjekka at du har sendt inn all nødvendig dokumentasjon, får du eit **foreløpig svar** frå oss i posten. Vi kan først ferdigbehandle søknaden din når fastsettinga (likninga) for 2021 er klar.

Frå du har fått eit foreløpig svar, og til vi har fått opplysningane frå fastsettinga (likninga) og ferdigbehandla søknaden, stoppar vi rekningane dine. Det blir likevel lagt til renter på lånet ditt i denne perioden. Blir heile eller ein del av gjelda di sletta, slettar vi desse rentene heilt eller delvis.

Dersom du ønsker det, kan du likevel betale medan søknaden din er til behandling. Får du sletta **heile gjelda**, vil Lånekassen refundere alle innbetalingane som er mottatt etter vi fekk denne søknaden om sletting av gjeld. Har vi mottatt ei innbetaling via Statens Innkrevjingsentral ber vi deg registrere eit kontonummer for refusjon under Din profil på Dine Sider. Blir berre ein del av gjelda sletta, vil du få ei ny gjeld som er fråtrekt det innbetalte beløpet.

Dersom du ikkje får innvilga søknaden om sletting av gjeld, vil perioden du slepp å betale, som regel føre til at nedbetalingstida blir lengre. Du må dermed betale meir totalt, fordi det har blitt lagt til renter i perioden du slapp å betale.

Vilkåra du skriv under på i punkt 6

- Eg stadfester at opplysningane eg har gitt, er riktige og så fullstendige som råd, sjå § 1-3 i [forskrifta om tilbakebetaling på www.lanekassen.no/forskrifter](#).
- Eg er kjend med at eg bryt opplysningsplikta dersom eg gir urette eller ufullstendige opplysningar til Lånekassen eller til andre partar som Lånekassen hentar opplysningar frå til bruk i saksbehandlninga. Andre partar er for eksempel Nav, skatteetaten og folkeregisteret.
- Oppstår det endringar etter at søknaden er send inn, er eg forplikta til straks å gi Lånekassen melding om det.
- Eg er kjend med at Lånekassen kan kontrollere dei opplysningane eg har gitt, med andre offentlege institusjonar, kontor og register, jf. § 23 i [utdanningsstøttelova på www.lovdato.no](#), forskrifta om tilbakebetaling og [forskrifta om Lånekassen sin heimel til innhenting av opplysningar på www.lanekassen.no/forskrifter](#).
- Eg er klar over at urette eller ufullstendige opplysningar kan føre til at eg mister retten til sletting av renter, betalingslette og sletting av gjeld, og det kan føre til at lånet blir kravt tilbakebetalt. Eg kan også miste andre rettar etter utdanningsstøttelova med forskrifter. Sjå kapittel 15 i forskrifta om tilbakebetaling.

Dine sider

På [Dine sider på lanekassen.no](#) kan du blant anna sjekke kontobevegelsar, gjelda og rekninga di, søke om betalingslette og lese brev frå Lånekassen.

Du finn ikkje søknad eller vedtak om sletting av gjeld for ufør låntakar på Dine sider, fordi dokumenta kan innehalde sensitive opplysningar.

Behandling av personopplysningar

Lånekassen behandlar personopplysningar i samsvar med regelverket for personvern. Les personvernerklæringa vår på [www.lanekassen.no/personvern-nn](#).